

FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I KVINNHERAD KOMMUNE

Vedteken i Kvinnherad kommunestyre den 21.12.2017 i medhald av:

- *Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 2012 – 03 – 16 – 12.*
- *Forureiningsforskrifta av 2004- 06 -01 – 931 med*
- *Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-1, jf. lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5, jf. § 4.*

Endra §4 i Kvinnherad kommunestyre den 22.02.2018

§ 1 FORSKRIFTA SITT FØREMÅL

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent i § 2, og den fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for kommunale vass- og avløpstenestar.

§ 2 DEFINISJONAR

Abonnent:

- a) Eigar/festar av eigedom som er tinglyst med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.
- b) Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festar eig bygningane som er plassert på tomta, og bruker festerett slik det går fram av lov om tomtefeste, og er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.
- c) Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av Kap. 27 i Plan og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avløpsleidning.

Eining:

Med eining i denne forskrifta er meint bueining, næringseining eller andre einingar.

- a) Bueining er husvære med separat inngang, eit eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/WC og kjøkkendel, som vert nytta til bustad eller fritidsbustad. Offentlege omsorgsbustadar vert rekna som bueiningar. Frittstående garasjar, mindre uthus o.l. inngår som del av bueining, når dei naturleg tilhøyrar denne.
- b) Næringseining er sjølvstendig lokale nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd. Hybelhus og landbruk, herunder utleige av hytter, kjem inn under næringsverksemd.
- c) Andre einingar er einingar som ikkje er bueining eller næringseining, t.d. båthamner, naust (eit naust kan ha fleire einingar), campingvogn m/spikertelt m.m.

Bustad:

Bygg som er matrikkelført som bustad eller som er i bruk meir enn 3 mnd. pr år.

Fritidshus:

Bygg som er matrikkelført som fritidshus.

Hybelhus:

Bygg med bueiningar under 25 m² BRA etter NS-3940 med felles gangareal.

Næringsbygg:

Bygg med ein eller fleire næringseiningar.

Kombinasjonsbygg:

Bygg med både bueining(ar) og næringseining(ar) eller andre einingar. Døme på kombinasjonsbygg kan vera ein institusjon (næringseining) med omsorgsbustader/separate bueiningar.

Kommunal vass- og avløpsleidning:

Leidningar som er kommunal eigedom av di dei er kosta eller overtekne av kommunen.

Stikkleidning:

Vass- eller avløpsleidning for ein eller fleire eigedomar som er abonnenten sin eigedom, og som vert halde ved like av denne. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikkleidningen rekna til og med tilkopling til kommunal vass og avløpsleidning.

§ 3 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- a) Tilknytingsgebyr
- b) Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)

§ 4 TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyr vert kravd når:

- a) Eksisterande bygning(ar) på eigedomen får løyve om tilknytning til offentleg vass- og/eller avløpsnett.
- b) Det er gitt løyve til fyrstegongs oppføring av bygning(ar) eller løyve til planering/grunnarbeid på eigedom som skal knytast til offentleg vass- og/eller avløpsnett.
- c) Det vert gitt løyve til bygging av nye einingar på ein eigedom, her under ny eining i einebustad.
- d) Tilknytningar som ikkje har vore meldt til kommunen tidlegare vert meldt inn/oppdaga.

Tilknytingsgebyret skal fakturerast og vera betalt når anlegget vert teke i bruk.

Det skal betalast tilknytingsgebyr for:

- a) Kvar einskild bueining, uavhengig av areal
- b) «Andre einingar» (ref. §2 definisjon av eining)
- c) Næringseining, eit tilknytingsgebyr pr. næringsbygg
- d) Seksjonerte næringsbygg: tilknytning pr. seksjon
- e) Kombinasjonsbygg, eit tilknytingsgebyr pr. bueining og «andre einingar» i tillegg til næringsdelen.
- f) Ubebygde eigedomar som ynskjer å verta tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett før ev. eigedomar vert bebygde. Tilknytingsgebyret skal betalast før tilknytning.

For næringseiningar og «andre einingar» skal det betalast dobbel sats av tilknytingsgebyret, dersom bygget er større enn 300 m² (bruksareal etter NS 3940). Ved påbygg vert det tilsvarende fakturert ekstra dersom nytt samla bruksareal overstig 300 m².

Storleiken på tilknytingsgebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år vert fastsett av kommunestyret.

Tilknytingsgebyret vert for nybygg fakturert tiltakshavar, i andre tilfelle vert tinglyst eigar fakturert, jf.§9.

Utbyggjar må pårekna å ta kostnaden med stikkleidningar fram til og med påkopling på kommunale leidningar. Dersom stikkleidning(-ar) er tilstrekkeleg dimensjonert og har ei slik plassering at det i framtida kan koplast på nye abonnentar, kan kommunen vurdere å overta drifta av leidningen. Kommunen vurderer om det er aktuelt med økonomisk deltaking dersom ein avtalar ei oppdimensjonering av leidning(-ar). Dersom kommunen står for utbyggingstiltak som er nødvendig for at utbyggjar (abbonnenten) skal kunna knyta seg til kommunal leidning(-ar), vil som regel kommunen setja krav om betaling av eit avtalt anleggsbidrag i tillegg til tilknytingsgebyret.

§ 5 ÅRSGEBYR

Årsgebyr for vatn og avløp skal betalast av alle abonnentar. Gebyret er sett saman av to delar:

- abonnementsgebyr
- forbruksgebyr

Årsgebyret skal reknast frå ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, er gitt eller eininga er tatt i bruk. Storleiken på abonnementsgebyret og forbruksgebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

For å unngå vass- og avløps gebyr må eininga fråkoplast/plomberast. Det skal betalast gebyr fram til vassleidningen er fysisk fråkopla, eller kommunen har motteke melding frå godkjent røyrleggjar om at dette er utført. Dersom kommunen står for fråkoplinga/plomberinga, må abonnenten betala eit plomberingsgebyr etter regulativet. Same gebyrstorleik også for å opna plomberinga.

Avløpsgebyr skal betalast fram til avløpsleidningen er fysisk fråkopa, eller vasslevering til eigedomen er avstengt.

ABONNEMENTSGEBYR

Det skal betalast eit abonnementsgebyr pr:

- a) bueining
- b) «andre einingar»
- c) næringseigedom (uavhengig av talet på næringseiningar eller næringsbygg)
- d) seksjon i næringsbygg som er seksjonert

FORBRUKSGEBYR

Bueiningar betaler anten etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³, eller stipulert forbruk. Følgjande vassforbruk skal leggjast til grunn for stipulert forbruk (arealet er bruksareal etter NS 3940)

| | |
|--|---------------------------|
| Bustadhus 0 – 80 m ² | 150 m ³ pr. år |
| Bustadhus 81 – 300 m ² | 200 m ³ pr. år |
| Bustadhus 301 m ² eller større: | 300 m ³ pr. år |
| Fritidshus alle: | 50 m ³ pr. år |

For alle abonnentar vert avløpsmengda rekna lik vassmengda, sjå likevel § 6.

Både abonnenten og kommunen kan krevje at forbruksgebyret vert rekna ut frå målt forbruk. For abonnentar som etter pålegg unnlèt å installera vassmålar, vil kommunen stipulera forbruket.

Kommunestyret fastset årleg m³ satsar både for vatn og avløp, dvs. pris pr. m³ levert drikkevatt, og pris pr. m³ motteke avløpsmengd.

§ 6 FRÅDRAG ELLER TILLEGG I ÅRSGEBYRET

Det vert gitt frådrag eller tillegg i årsgebyret dersom:

- a) avløpsmengda til ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp bli rekna ut på grunnlag av berekna avløpsmengde som vert tilført den kommunale avløpsleidningen. Med vesentleg er her meint eit avvik på meir enn halvparten.
- b) kvaliteten på avløpsvatnet skil seg vesentleg frå vanleg hushaldsavløp, kan det reknast tillegg eller frådrag i årsgebyret (forbruksgebyret).
- c) ein eigedom i lenger tid vert fråkopa det kommunale vass- og/eller avløpsnett, kan abonnenten fritakast frå årsgebyr i denne perioden. Kommunen krev betaling til å dekkje kostnaden med fråkopling/tilkopling. Storleiken på betalinga går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse av vatn, eller mottak av avløpsvatn, gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Varierende vasskvalitet gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Kommunen kan stilla krav til påslepp av avløp, til dømes krav om feitt utskiljar eller olje utskiljar utan at dette gjev grunnlag for reduksjon i avløpsgebyra.

§ 7 BRUK AV VASSMÅLAR

- a) Kommunen fastset type og storleik på målarar, kostar innkjøp av desse, og er eigar av målarane. Abonntenen betaler årleg leige for målarer, som dekker nedskrivning og vedlikehald.
- b) Kommunen står for installasjonsarbeidet hos eksisterande abonnentar så lenge dette ikkje fører til ombyggingar, medan utbyggjar står for installasjonsarbeidet ved nye tilknytingar (ved bruk av godkjent røyrleggjar). Abonntenen er ansvarleg for at vassmålaren er/vert montert frostfritt.
- c) Kommunen står for utskifting av målarer. Dersom utskifting skuldast forhold som abonntenen har ansvar for, må abonntenen ta kostanden med utskiftinga.
- d) Einingar som har krav om målar er:
 - a. Næringseiningar
 - b. Nye einingar
 - c. Nye tilknytingar i eksisterande einingar
 - d. Andre einingar
- e) Abonnentar som tidligare har kosta målar sjølv, skal ikkje betala målarleige før målarer må vedlikehaldas eller skiftast ut. Kommunen kan når som helst påleggja utskifting av eldre private installerte vassmålalarar.
- f) Etter montasje vert vassmålaren plombert av kommunen. Plomberte målarar kan berre opnast av, eller under oppsyn av, kommunen sitt personell. Er ei plombering broten, vert vassforbruket for vedkommande termin fastsett av kommunen etter skjønn.
- g) Avlesing av vassmålaren skal gjerast ein gong kvart år. Abonntenen skal lesa av målarer og melde inn data til kommunen innan fastsett tid.
- h) Dersom avlesing eller innsending av data ikkje vert gjort til fastsett tid, vert årsforbruket stipulert. Kommunen kan evt. velje å lese av målarer for abonntenen si rekning. I så tilfelle vert det fakturert eit avlesingsgebyr, fastsett av Kommunestyret.
- i) Dersom det er etablert betaling av forbruksgebyr etter målt forbruk, vil kommunen ikkje godta at abonntenen demonterer vassmålaren for såleis å betala etter stipulert forbruk.
- j) Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla tid. Dersom kontrollen viser feilmåling på meir enn 5 % skal årsgebyret(a) justerast for føregåande år, samt at målarer vert skifta ut av kommunen.
- k) I dei tilfella ein eigedom har fleire tilknytingar, skal det installerast ein målar for kvar. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkommande.

§ 8 MELLOMBELS TILKNYTING

Mellombels installasjonar, brakkeriggjar, anlegg o.l. som varer mindre enn 2 år, er unnateke plikt til å betala tilknytingsgebyr, men skal betala årsgebyr og ha vassmålar. Passerer tilknytninga 2 år vert gjeldande tilknytingsgebyr fakturert.

§ 9 INNBETALING AV GEBYR

- a) Abonnten er ansvarleg for betaling av gebyra, og vert alltid fakturert tinglyst eigar. Tilknytingsgebyr vert fakturert tiltakshavar, eller tinglyst eigar. Ref § 4
- b) Årsgebyr vert kravd inn saman med andre kommunale gebyr. Ved bruk av vassmålar skal forbruksgebyret betalast à konto basert på forbruket året før. Målaravlesing skjer ved årsskiftet, og vert avrekna i løpet av 1. kvartal.
- c) Tilknytings- og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.
- d) Viser det seg at ein abonnent ikkje har meldt frå om gebyrpliktige einingar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan Kvinnherad kommune fakturera ekstragebyr frå den dato som eininga(ne) vart gebyrpliktig(e). Kan dette tidspunktet ikkje dokumenterast, vert abonnenten automatisk fakturert gebyr for tre år før tilhøvet vart oppdaga/registrert.
- e) Ved tilknytningar som ikkje har vore melde til kommunen tidlegare, skal det betalast tilknytingsgebyr etter den sats som gjeld det året kommunen får melding om tilknytninga.
- f) Dersom byggeplanane vert annullert skal tilknytingsgebyret betalast attende. Det vert ikkje utbetalt renter.

§ 10 INNKREVJING AV GEBYR OG RENTER

Krav på årsgebyr med evt. tillegg av renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant i eigedommen etter pantelova § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

Dersom årsgebyra ikkje vert innbetalt, vil Kommunen i samråd med helsemyndigheitene vurdere avstenging av drikkevassforsyninga.

Kvinnherad kommune fakturerer den einskilde abonnent for vass- og avløpsgebyret. Eigar/heimelshavar til eigedomen er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald, men då først etter at han har fått naudsynt varsling.

§ 11 SAKSHANDSAMING / KLAGE

Fastsetjing av vass- og eller avløpsgebyra vil vera i samsvar med denne forskrifta, og kan derfor ikkje påklagast, jfr. kap. VII i Forvaltningslova.

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildvedtak følgjer kap. IV-VI i Forvaltningslova. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal sendast til den instans som har fatta vedtaket, og fristen til å klage er 3 veker.

Ved usemje skal vass- og avløpsgebyr betalast fullt ut inntil leidningen er avstengd og plombert. Usemje mellom den gebyrpliktige og kommuneadministrasjonen om tolking av forskrifta mm. gjev ikkje grunnlag for å ikkje betala gebyra innan fristen.

§ 12 GEBYRREGULATIV

Det vert årleg utarbeidd nytt gebyrregulativ med prisregulering, gjeldande frå 01.01.:

- a) Tilknytingsgebyr vatn, bueiningar, næringseiningar under 300 m² bruksareal, og andre einingar
- b) Tilknytingsgebyr avløp, bueiningar, næringseiningar under 300 m² bruksareal, og andre einingar
- c) Tilknytingsgebyr vatn, næringseiningar over 300 m²
- d) Tilknytingsgebyr avløp, næringseiningar over 300 m²
- e) Abonnementsgebyr
- f) M³- sats drikkevatt
- g) M³- sats avløp
- h) Plomberingsgebyr
- i) Avlesingsgebyr vassmålar
- j) Gebyr for årleg leige vassmålar (varierende etter leidningstverrsnitt)

§ 13 PÅLEGG OM UTBETRING

Kommunen kan pålegga abonnentar utbetring av lekkasjar eller manglar på stikkeidningar innan gitt frist. Dersom dette ikkje vert gjennomført, kan kommunen utføra utbetringa og krevja å få dekkja alle direkte kostnader.

§ 14 IVERKSETJING

Forskrifta trer i kraft 01.01.2018